



Statsråden

Stortingets president
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/2266-

Dato
30. mai 2024

Svar på skriftleg spørsmål – nr. 2063

Eg viser til brev frå Stortingets president av 16. mai med spørsmål til skriftleg svar nr. 2063 frå representanten Tage Pettersen.

«Hvor mye har kapasiteten i barnevernet økt som følge av at regjeringen har øremerket store summer til statlig og ideell vekst i barnevernet, og kan det bes også om en oversikt over utviklingen i antall og andel barnevernsplasseringer i alle kategorier for de siste fire årene?».

Grunnkapasiteten, som består av statlege plassar og ideelle og kommersielle plasser med kjøps- og leveransegaranti er økt frå 601 i 2021 til 664 ved utgangen av 1.tertial 2024. Sjølv om grunnkapasiteten aukar er det likevel for få plasser ut frå behovet, Talet på tilvisingar frå kommunane har auka frå tidleg i 2023, særleg til akutt plassar og plassar til barn med store og samansette behov. Dette har gjort det utfordrande for Bufetat å oppfylle bistandsplikta.

For departementet har det difor vore viktig å bruke ressursar på å styrkje dei statlege plassane som allereie er etablert i tråd med målet om at staten sjølv skal drifte tenestene til barna med dei største og mest samansette behova. Det er blant anna etablert fleire plasser for målgruppa behandling høg risiko og dei statlege omsorgsinstitusjonane er gjort betre i stand til å ta i vare barn og unge med større og meir samansette behov. Det forventast ein ytterlegare auke i antal plasser for denne målgruppa i statleg regi i siste halvår i 2024.

Auka midlar til institusjonsbarnvernet har også gått til mellom anna oppgradering av institusjonsbygg, auka bemanning, etablering av støtteteam, kompetanseutvikling hos tilsette, vakne nattevakter, branntryggleikstiltak og andre tiltak som har sikra kvaliteten og tryggheta i eksisterande institusjonsplassar. Samstundes har nokre plasser vore ute av drift i kortare og lengre periodar grunna driftsutfordringar, mellom anna som følgje av brannar. Behov for sterk utviklingsstøtte til enkelte barn har også ført til at enkelte institusjonar i periodar har hatt færre barn enn antal plasser skulle tilsi, og snittprisen pr. plass har auka. Vi ser no ein nedgang i antal brannar og kapasitetsutnyttinga i statlege plassar har auka frå 76% i 2021 til 79 % ved utgangen av 1. tertial 2024.

I arbeidet med å styrke kapasitet er blant anna rammeavtaleplassar med garanti auka frå 160 i 2021 til 265 første tertial i 2024, ein auke på 66 prosent. Den totale kapasiteten i institusjonsbarnvernet, målt i talet på plassar i statlege institusjonar og avtaleplassar med og utan garanti hos private leverandørar, er likevel tilnærma lik frå utgangen av 2021 (761 plassar) til utgangen av 1. tertial 2024 (767 plassar). Dette skyldes ein reduksjon i antal statlege plassar, i stor grad gjennom ei omstilling av det statlege tilbodet frå til dømes omsorgsplassar over mot plassar til barna med dei største behova. Dei ideelle leverandørane har ei tilsvarende auke innanfor målgruppene som staten omstiller seg bort i frå.


Av den totale kapasiteten på 767 plassar er 399 statlege, 252 ideelle (hvorav 221 med garanti) og 116 kommersielle (hvorav 44 med garanti). I tillegg til den kapasiteten som synleggjerast her, kjem den private kapasiteten som nyttast gjennom avtalar ved kvar einskilde plassering (einskilde kjøp).

I tabell 1 er ein oversikt over utviklinga i det gjennomsnittlege talet på barn i institusjon og opphaldsdagar i institusjon fordelt på statlege institusjonar og private institusjonar fordelt på ideelle og kommersielle leverandørar.

Tabell 1: Utviklinga i det gjennomsnittlege talet på barn i institusjon og fordelinga av oppholdsdager i statlege og private institusjonar

	Gjennomsnittlig antall barn i institusjon			
	2021	2022	2023	1. tertial 2024
Statlig	357	324	327	321
Ideell	195	200	211	210
Kommersiell	297	251	267	282
Totalt	850	775	805	813
	Andel av total			
	2021	2022	2023	1. tertial 2024
Statlig	42 %	42 %	41 %	39 %
Ideell	23 %	26 %	26 %	26 %
Kommersiell	35 %	32 %	33 %	35 %

Med helsing



Kjersti Toppe

Brevet er elektronisk godkjent